

N  
ok.

Sogn og  
Fjordane

Kompetansesenter  
mot sekuelle overgrep

Årsmelding 2024




Ingen skal  
bli utsett for  
sekuelle  
overgrep



## Innhold

Innleiing	4
Vi takkar	7
Helsing frå Nok. Norge	8
Organisasjon	10
Vertskommune	11
Økonomi	12
Tilsette	13
Tilbod og tilrettelegging	13
Tilboda våre	14
Brukarmedverknad	20
Lokale	21
Kompetanse	21
Informasjonsarbeid	22
Samarbeid	24
Årsmelding frå styret Nok. Sogn og Fjordane for 2024	26
Revisjonserklæring og årsrekneskap	27



# Innleiing

Nok. Sogn og Fjordane er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep. Vi er eit tverrfagleg lågterskeltilbod med spisskompetanse på seksuelle overgrep. Tilboden vårt er gratis og inneber blant anna einesamtalar, gruppessamtalar og juridisk rådgjeving til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Vi er og ein fagressurs som tilbyr støtte og rettleiing til fagpersonar i til dømes einskildsaker. Vi tilbyr og undervisning og føredrag til fagpersonar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar. Samstundes jobbar vi med førebyggande arbeid i våre tilhøyrande kommunar.

## Kor mange rapportar treng vi før vi tek grep?

År etter år kjem nye rapportar som dokumenterer det omfattande problemet med seksuelle overgrep i Noreg. I 2023 og 2024 har vi fått endå fleire skremmende innblikk i dette samfunnsproblem:

- Kripo dokumenterer direkteoverførte bestillingsovergrep, der teknologi vert brukt til å utføre vald på tvers av landegrenser.
- NOVA viser korleis vald og overgrep mot barn og unge har auka sidan 2007, og peikar på utfordringar i barnevernstenesta si handtering av slike saker.
- NKVTS gjev oss tal som syner det breie omfanget av vald og overgrep i den norske befolkninga, og korleis unge vert utsette for seksuelle krenkingar i nære relasjoner.
- NOU 2024: 4 understrekar at valdtek framleis er eit uløyst samfunnsproblem med store mørketal.

Kvar rapport fortel oss det same: Seksuelle overgrep rammar mange, har store menneskelege og samfunnsøkonomiske kostnader, og krev ein større innsats. Likevel ser vi at utviklinga held fram. Skal vi berre ta imot rapportar som peikar på utfordringane, utan å gjere nok?

## Førebygging verkar

Vi på Nok. Sogn og Fjordane veit at førebygging nyttar. Gjennom vårt arbeid ser vi at fleire unge no vågar å seie ifrå tidlegare enn før. Mange slepp å bere på ei vond hemmelegheit i fleire tiår før dei søker hjelp. Tek vi eit snitt frå dei siste tre åra ser vi at ca 45% av brukarane på senteret i Sogn og Fjordane er under 30 år når dei tek kontakt. Dette er eit håpefullt teikn, men det krev eit kontinuerleg og målretta arbeid for å gjere denne utviklinga varig.

## Luster- og Sogndal kommune som føregangsmodell

Eit godt eksempel på førebyggande arbeid finn vi i Luster- og Sogndal kommune. Livsmeistring – Robuste barn og unge er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogndal- og Luster kommune. Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takle medgang og motgang i livet og at ungane som bur her skal få like moglegeheiter til å utvikle ei god og robust psykisk helse. Dei har utvikla eit heilskapleg og systematisk løp for livsmeistring frå barnehage og ut grunnskulen. I 2024 oppretta kommunen nettsida [www.meistrelivet.no](http://www.meistrelivet.no). Folkehelse og livsmeistring vert eige fag på timeplanen, 1 time i veka frå barnehage til 10. trinn. Barna vil få jamleg opplæring i tema som kropp, grenser og seksualitet. På den nye nettsida ligg ferdig undervisningsøkter for alle tema til alle trinn.

Nok. Sogn og Fjordane har vore så heldige å få bli med på litt av reisa til Luster- og Sogndal kommune, vi har bidratt med vår kompetanse i planleggingsfasen, og vi har fått undervise alle tilsette i barnehagane i Hjartesamling. Hjartesamling, legg vekt på tryggleik, relasjonar og emosjonell utvikling. (Du kan lese meir om Hjartesamling på s. 16). Luster- og Sogndal kommune har ikkje lenger berre fine ord på eit papir – det er konkrete tiltak som vert gjennomført i praksis, og som gjev resultat.

## Alle kommunar må ta ansvar

Det burde ikkje vere opp til einskilde kommunar å ta slike grep. Alle kommunar bør ha som mål å skape robuste barn og unge, og desse måla må følgjast opp med konkrete tiltak. Å førebygge seksuelle overgrep handlar om å gi barn og unge kunnskap, tryggleik og evne til å sette grenser, og å sikre at vaksne i samfunnet veit korleis dei kan oppdage og handle ved mistanke om overgrep.

## Handling no – ikkje berre fleire rapportar

Vi kan ikkje lenger sitje stille og vente på neste rapport som stadfestar dei same problema som før. Kunnskapen har vi, og løysingane ligg føre. Det er på tide å handle, og det er på tide at alle i samfunnet, frå styresmakter til lokalpolitikarar og skule- og barnehageleiing, tar sitt ansvar. Seksuelle overgrep er ikkje eit problem som kan løysast med ord og rapportar åleine – det krev konkret handlingar, tett oppfølging og ei langsiktig satsing på førebygging. La oss lære av dei som har fått det til, og saman skape eit tryggare samfunn for alle.

## #nullvisjon

Eit tryggare samfunn for alle dreg oss fint over til nullvisjon mot seksuelle overgrep. Vi kan vel sei at alt arbeid vi gjer på senteret handlar om å kome eit steg nærare ein nullvisjon. #nullovergrep er initiert av Nok. Norge. Saman med ei rekke organisasjonar har vi skrewe eit opprop der vi krev ein nasjonal nullvisjon for seksuelle overgrep.



## Oppsummering av strategiperioden 2021–2025

Strategiperioden 2021–2025 har vore styrt av fire overordna hovudmål:

1. Vi skal få ny felles profil saman med paraplyorganisasjonen vår og dei andre sentera i Noreg, slik at vi framstår som meir einsarta, heilheitleg og profesjonell, og har ein tydeleg kommunikasjon om tilboda våre i befolkninga
2. Nok. Sogn og Fjordane skal drive med utadretta verksemd, slik at vi førebygger og spreier kunnskap og informasjon om seksuelle overgrep til barn, fagpersonar og andre.
3. Nok. Sogn og Fjordane skal gje brukarane eit tilbod av god kvalitet, slik at kvar einskild brukar vert ivaretatt ut frå sin situasjon og kan nytte seg av hjelp til sjølvhjelp.
4. Vi skal ha ei personalgruppe som opplev fagleg vekst og trivsel, slik at brukarane, hjelpeapparat og ulike instansar opplev at vi er ein ressurs med spisskompetanse i arbeidet mot seksuelle overgrep.

## Resultat frå strategiperioden

Strategiperioden 2021–2025 har vore prega av utvikling, samarbeid og målretta innsats for å styrke arbeidet vårt mot seksuelle overgrep.

Eit sentralt mål har vore å etablere ein tydeleg, heilskapleg og profesjonell profil for Nok. Sogn og Fjordane, saman med paraplyorganisasjonen vår og dei andre sentra i landet. Vi har gjennomført ei rebranding-

prosess som inkluderte nytt namn, logo, og omfattande oppdateringar av informasjonsmateriell, nettsider og marknadsføring, noko som har gjort oss meir synlege for innbygjarane i fylket.


På det førebyggjande området har vi utvida rekkevidda av undervisning og opplæring. Vi har nådd ut til barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, offentlege tenester og høgskular, og vi har utvikla spesialtilpassa metodar som Hjartesamling. Dette arbeidet har styrkt barn og unge si evne til å sette grenser, søkje hjelp og respektere andre.

Samarbeidet med offentlege og private instansar har auka, med faste møte, felles fagdagar og erfaringsutveksling. Gjennom eit toårig kompetansehevingsprogram i regi av RVTS Vest, saman med Nok. Bergen og Nok. Sør-Vest, har vi styrkt kunnskapsbasen vår og skapt eit sterkare fellesskap mellom sentra på Vestlandet.

For brukarane våre har vi sikra eit tilbod av høg kvalitet gjennom kontinuerleg arbeid med fagleg plattform og rettleiing.

Internt har vi prioritert kompetanseheving og eit inkluderande arbeidsmiljø. Organisasjonskulturen vår er styrka gjennom arbeid med kjerneverdiar og fagleg plattform, og vi har lagt til rette for kontinuerleg læring, trivsel og eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette.

Gjennom desse fire åra har vi jobba systematisk med å gjere tilboda våre meir kjende, utvide rekkevidda av det førebyggjande arbeidet, og sikre at brukarane våre får hjelp av høg kvalitet. Dette legg eit solid grunnlag for arbeidet i den kommande strategiperioden 2025–2029.



Illustrasjonsfoto

## Vi takkar

Vi vil rette ei hjarteleg takk til alle som bidreg til at vi kan drive og vidareutvikle arbeidet vårt ved Nok. Sogn og Fjordane.

Takk til våre **samarbeidskommunar, fylkeskommunen, Helse Vest og Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet** for den økonomiske og strukturelle støtta de gjev oss. De spelar ei uvurderleg rolle i å sikre at vi kan tilby dei tenestene vi gjer.

Ei særskilt takk går til **RVTS Vest (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging)** for rettleiing og kvalitetssikring. Sanne Bach, vår kontaktperson ved RVTS Vest, er ein drivkraft i vårt arbeid. Gjennom faste samarbeidsmøte og eit sterkt fokus på struktur har ho bidrege til å styrke både fagleg utvikling og fellesskap blant dei tre sentra i Vest.

Vi vil også takke **sensomotorisk fysioterapeut Margrete Dyrli**, som deler sin ekspertise og gir verdifull rettleiing til dei tilsette ved senteret.

Ei stor takk til **KS Vestland** for innsatsen de legg ned for å sette vårt arbeid på dagsordenen i kommunane, og til **advokat Bente Hermansen**, som gir juridisk rådgjeving til brukarane våre.

Takk til **Univerket** for rask og profesjonell service i utforminga av årsrapporten og anna informasjonsmateriell.

Vi er også svært takksame for **Ingvild Hestad Torkelsen** og **Sissel Ringstad** i Nok. Norge, som med sin dedikasjon og kompetanse bidreg til å styrke sentera over heile landet.

Ei stor takk går til vårt engasjerte **styre**, og ikkje minst til **brukarrepresentanten** vår,

som gjer ein framifrå jobb med å fremje brukarane sine interesser og perspektiv.

Til kvar og ein av våre **tilsette**: takk for innsatsen, engasjementet og positiviteten de viser kvar dag. Dykkar arbeid er avgjerande for at vi kan oppnå måla våre og skape eit inkluderande og inspirerande arbeidsmiljø. De gjer ein forskjell – meir enn de kanskje anar.

Til slutt, men aller viktigast, takk til **brukarane våre**. De har vist mot, styrke og vilje til å arbeide for eit betre liv. Vi er stolte av å få vere ein del av reisa dykkar.

*Til slutt, men aller viktigast, takk til brukarane våre. De har vist mot, styrke og vilje til å arbeide for eit betre liv. Vi er stolte av å få vere ein del av reisa dykkar.*



CHATRINE ELHOLM  
Dagleg leiar

## Nok. Norge

Nok. Sogn og Fjordane er medlem av paraplyorganisasjonen Nok. Norge. Paraplyorganisasjonen til Nok.-sentra jobbar for at personar som har vore utsett for seksuelle overgrep og deira pårørande skal få eit likeverdig tilbod uansett kven dei er og kvar i landet dei bur. Paraplyen jobbar vidare for at ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep og for at barn, unge og vaksne skal ha god kunnskap om seksualitet og vald. Gjennom paraplyen er vi med å sette dagsorden gjennom å delta i samfunnsdebatten, svare på høyringar, gje politiske innspel og delta i utval og referansegrupper.

## HELSING FRÅ NOK. NORGE – Året som har gått

Nok. Norge skal være en pådriver for kvalitets- og utviklingsarbeid på medlemsentrene, og et felles talerør. Vi jobber for at politikere skal se at Nok.-sentrene er en nødvendig del av hjelpetjenestene i sine regioner som trenger stabil og tilstrekkelig finansiering, og at det er god kunnskap om konsekvensene av seksuelle overgrep på myndighetsnivå.

### Samarbeid og synlighet

Nok. Norge har utviklet nye kommunikasjonsverktøy til bruk for hele organisasjonen.

Sammen med Bare Film lagde vi en kortfilm som viser fram Nok.-sentrene som en viktig del av tjenestestilbuet i kommunene, filmet på Nok. Bergen og Nok. Trøndelag. Denne ble laget i en kort og en lang versjon. Vi utviklet nye maler til bruk i sosiale medier, og skrev informasjonstekst som kan ligge på avtalekommunenes nettsider.

Finansieringsordningen til sentrene er uendret, og dårlig kommuneøkonomi har preget arbeidet på en del av medlemsentrene våre dette året. Vi har bistått flere av senterlederne i arbeidet med å sikre finansiering fra kommunene. Dette har vi gjort gjennom å dele tekster, kontakt med politikere på lokalt nivå og gjennom kontakt med presse. På tross av sentrenes innsats, ser vi at omtrent 10 kommuner over hele landet har kuttet støtten på grunn av dårlig økonomi de siste årene.

### Politisk arbeid

Voldtektsutvalgets NOU, *Voldtekts - et uløst samfunnssproblem*, kom 8. mars og ble tatt godt imot av et samlet felt. Nok. Norge satt i referansegruppen, og bidro på høringer og

med flere skriftlige innspill. Voldtektsutvalget var svært tydelige på at sentrene tilbud er nødvendig og må styrkes.

I forbindelse med fremleggingen av utredningen, inviterte vi til seminar på Litteraturhuset. Ordfører i Oslo Anne Lindboe, stortingsrepresentant Kathy Lie og leder av Dixi Rannveig Kvifte Andresen var i panelet, utvalgsleder Ole Henrik Augestad og professor i kriminologi May-Len Skilbrei holdt innlegg. Dette ble et godt seminar om veien videre for hjelpeapparatet etter denne NOUen.

Poengene fra rapporten ble også viktige å ta med inn i politiske møter. Vi har hatt møter med Høyres ekspertpanel om vold og overgrep, med representanter fra familie- og kulturkomiteen fra Høyre og FrP, med Ingunn Foss (H), Andreas Unneland (Sv) og Cato Brun Ellingsen fra Justiskomiteen. I tillegg deltok vi på statsbudsjettthøringer i Familie- og kulturkomiteen og Justiskomiteen. Vi tok kontakt med alle partier i egen komité, og møtte fysisk de vi hadde anledning til å møte.

Vi har spilt inn behovet for statlig og mer stabil finansiering av Nok.-sentrene til alle partiprogrammene før valget i 2025.

Året fikk en hyggelig avslutning, da sentrene ble foreslått statlig fullfinansiert av FrP i årets budsjettforhandling på Stortinget. Forslaget var basert på alle faglige råd vi kan bygge videre på i tiden framover.

### Faglig arbeid

Landskonferansen ble avholdt på Storo



Illustrasjonsfoto

i Oslo i mai, med Dixi Ressursenter mot voldtekts som arrangør, og Nok. Norge som medarrangør. Temaet for konferansen var kropp i traume. Konferansen hadde rundt 200 deltakere fra både sentrene og fagmiljøet, og fikk gode tilbakemeldinger. Nok. Norge ledet den interne konferansedagen for alle ansatte på sentrene.

Nok. Norge er med i referansegruppen til TRUST-studien fra NKVTS, og Nok.-sentrene har vært med å rekruttere brukere til prosjektet. Vi har fått presentert midlertidige funn fra studien, noe vi ser kommer til å være svært nyttig for oss.

Nok. Norge er også med i ressursgruppen til Rådet for psykisk helse sitt prosjekt *Repetisjonsvold: hvordan komme ut av voldsspiralen?*, sammen med bl.a. Siri Thoresen fra NKVTS og Inga Marte Thorkildsen fra Stine Sofies Stiftelse. Prosjektet fortsetter i 2025.

Vi er representert i kjernegruppa til Rød Knapp-alliansen. Som en markering av FNs verdensdag for avskaffelse av vold mot kvinner, arrangerte vi seminar på Litteraturhuset sammen med Vake og Krisesentersekretariatet om avstanden mellom handlingsplaner og praksis i hjelpetjenestene.

Nok. Norge er med i *Nordic network on consequences of sexual child abuse*, og møtte nordiske kolleger i København over to dager i

oktober. Her fikk vi blant annet med oss ideer til nyttige informasjonskampanjer, som vi har søkt om prosjektmidler til å gjennomføre.

### Nettverk

Vi har hatt fire nyttige og hyggelige ledersamlinger, hver over to dager gjennom året. Dette er en viktig arena for å diskutere særegne problemstillinger knyttet til drift og utvikling. I tillegg legger Nok. Norge opp et faglig program, og i 2024 har vi blant annet hørt om arbeidet til Imdis mangfoldsrådgivere ved Amna Wasim, tidlig funn fra TRUST-studien ved Siri Thoresen og Frelsesarmeens arbeid med prosjektet *Mellom oss*.

Sammen har vi fortsatt arbeidet med å få et felles dokumentasjonssystem og rutiner for dette. Vi har hatt mange diskusjoner om tjenestene våre – hva skal vi være når sentrene i større grad nærmere seg kommunenes tjenester og må prioritere på grunn av pågangen? Vi har også startet et arbeid med å revidere de faglige veilederne, et arbeid som fortsetter gjennom 2025.



Oslo, 24. januar 2025

INGVILD HESTAD TORKELSEN  
Daglig leder,  
Nok. Norge

# Organisasjon

## Formål og virkefelt

Nok. Sogn og Fjordane har som formål og gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Nok. skal kjempe mot og førebygge seksuelle overgrep ved å synleggjere og motarbeide forhold i samfunnet som legitimerer, underbygger og opprettheld overgrep.

Nok. skal arbeide for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep og overgrepsutsette sin situasjon ved informasjon og kunnskapsformidling.

Nok. skal vere eit lågterskeltilbod utan krav til tilvising.

Nok. skal samarbeide med offentlege hjelpearappat og andre aktørar som arbeider med overgrepsproblematikken.

Nok. skal i sitt arbeid vere partipolitisk nøytrale og ikkje vere tilknytt bestemte organisasjonar eller trussamfunn.

## Organisasjonsform

Senteret vart stifta i 2012. Nok. Sogn og Fjordane er ei privat stifting som drivast med offentlege midlar. Nok. Sogn og Fjordane har eit styre samansett av fem personar, der ein er oppnemnd av Sunnfjord kommune, ein er oppnemnd av Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS), ein er oppnemnd av styret og skal ha særleg fagkunnskap, ein er oppnemnd av brukarane og ein av dei tilsette.

### Styret har vore samansett slik i 2024:

- Leiar: Kurt Even Andersen (Kommunalråd for helse og sosial, Sunnfjord kommune)
- Styremedlem: Trude Merete Lundekvam (Tilsette representant)
- Styremedlem: Gro Anita Solheim (Brukarrepresentant)
- Styremedlem: Inge Nordhaug (Særleg fagkompetanse, RVTS Vest)
- Styremedlem: Frode Kyrkjebø (Dagleg leiar KS Vestland)
- Dagleg leiar Chatrine Elholm, er sekretær for styret, utan stemmerett.

Stiftinga er underlagt kontroll av Stiftelses-tilsynet.

Eksterne medlemmar av styret får møtegodtgjersle på kr 1500 pr. møte, styreleiar får eit tillegg på kr 900 pr. møte.

# Vertskommune



**Sunnfjord  
kommune**

Sunnfjord kommune er senteret sin vertskommune og har eit særleg ansvar for senteret si drift. Kommunen har gjort det kjend for senteret at den kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Senteret har ikkje hatt behov for eller bedt om slik bistand i 2024.



Illustrasjonsfoto

## Samarbeidskommunar i 2024



Aurland



Askvoll



Bremanger



Fjaler



Gloppen



Hyllestad



Høyanger



Kinn



Luster



Lærdal



Sogndal



Solund




Stad



Stryn



Vik



Årdal

# Økonomi

Nok.-sentera opererer med ein finansieringsmodell der inntil 80 % av driftsmidlane er statstilskot medan 20 % er lokale tilskot frå kommunar, helsefretak og fylkeskommune. I 2024 fekk vi stønad frå 17 kommunar i Vestland fylke. Det er alle kommunane som tilhørar vår region i tidlegare Sogn og Fjordane.

I tillegg fekk vi tilskot frå Vestland Fylkeskommune og Helse Vest.



## Tilskota til drift fordele seg slik i 2024:

	2024	2023
Samarbeidskommunar	746.018	701.199
Vestland fylkeskommune	167.000	162.831
Helse Vest	110.000	110 000
Statstilskot	4.063.153	3.895.640
<b>Totalte inntekter:</b>	<b>5.086.171</b>	<b>4.869.670</b>

At alle kommunane støttar senteret tek vi som ei stadfesting på at kommunane ser på Nok. som eit rimeleg og viktig tilskot til tenestetilbodet i fylket. Det er eit tilbod som gjev kommunane tilgang til spisskompetanse og lågterskeltilbod innanfor eit utfordrande felt.

Revisjon er gjennomført av BDO AS.



# Tilsette

Tilsettgruppa vår har vore stabil heilt sidan oppstarten, og det har vore ein styrke for senteret. I 2024 fekk vi likevel nokre endringar i gruppa, noko som alltid er spennande i ei lita tilsettgruppe som vår. Siri valde å søke nye utfordringar og gjekk ut i eit års permisjon frå august. Vi ønskjer henne lykke til med nye moglegheiter.

Som vikar for Siri tilsette vi Silje, som tidlegare har vore student hos oss. Silje har allereie vist seg som eit svært positivt tilskot til teamet, og vi er glade for å ha ho med oss. Trond, som vart tilsett hausten 2023, gjekk tilbake til Nok. Bergen våren 2024, og vi takkar han for det viktige arbeidet han la ned her.

Gjennom alle desse endringane har dei tilsette vist stor profesjonalitet, fleksibilitet og



Elin Nikoline Vie



Trude Merete Lundekvam



Siri Helene Haugland



Silje Slotterøy



Trond Høvik



Chatrine Elholm

ikkje minst omsorg for brukarane våre. De er hjartet i senteret vårt, og eg er stolte av alt vi får til saman.

I 2024 har vi altså vore 5 faste stillingar i 100% på vårparten, resten av året har vi vore 4 faste stillingar i 100%.

Dei tilsette har alle utdanning og ulik erfaring og kunnskap for å kunne gje eit best mogleg tilbod til brukarar og til samarbeidspartnerar. Dei tilsette vert lønna ut i frå Sunnfjord kommune sin lønnspolitiske plan.

Nok. Sogn og Fjordane har teikna ulykke/yrkeskade og reiseforsikring for dei tilsette hjå KLP Skadeforsikring. Vi har avtale om innskotspensjon for dei tilsette hos DNB Liv. Dei tilsette har gruppelivsforsikring hjå Frende forsikring.

# Tilbod og tilrettelegging

## Brukarar

Når ein person blir utsett for overgrep, råkar det heile familien. Nok. Sogn og Fjordane ønsker at alle som vert råka får den hjelpe dei treng når dei treng den. Senteret ønsker og å gje eit godt tilbod, uansett alder, kjønn, bakgrunn og bustad.

Nok. Sogn og Fjordane gjev og tilbod til brukarar under 18 år, men då i samarbeid med relevante instansar i kvart einskild tilfelle.

Når det gjeld heilt nye brukarar, var det 71 som tok kontakt i 2024, noko som er identisk med talet for 2023. Dette betyr at vi har oppretthalde eit stabilt nivå på nye brukarar, etter ein markant vekst på nesten 60 % frå 2022 til 2023.

I 2024 hadde vi 1982 førespurnader på telefon eller e-post, ein auke på 10,3 % frå 2023 (1797). Av desse var 984 frå brukargruppa, som representerer ein auke på 2 % frå året før (965). Førespurnader frå ulike samarbeidspartar låg på 998, ein oppgang på 20 % samanlikna med 832 i 2023.

Kvifor vi har opplevd denne auken i pågang frå heilt nye brukarar dei siste åra, kan vi ikkje med sikkerheit seie. Vi har likevel ein teori om at det omfattande utadretta arbeidet vi gjer, bidreg til at fleire får kjennskap til oss og dei tilboda vi har.

# Tilboda våre

Seksuelle overgrep kan ryste grunnvollane i livet og føre til at kjensla av tryggleik forsvinn. Ved å ta tak i det som er vanskeleg, kan denne kjensla gradvis vinnast attende. Hjå oss jobbar vi for å skape ei betre framtid for dei som har blitt utsette, samtidig som vi arbeider for å førebyggje nye overgrep.

Seinverknadar etter seksuelle overgrep kan vere omfattande og variere frå person til person. Mange opplever psykiske utfordringar som angst, depresjon, därleg sjølvbilete, eller rusproblem. Andre kan streve med konsestrasjonsvansk, lærevansk og tap av meistringskjensle. Dette er normale reaksjonar på ei unormal hending, og hjå oss er det plass til alle kjensler, tankar og reaksjonar. Vi forstår at prosessen med å bearbeide traume kan ta tid.

Vi tør å spørje om det vanskelege, og vi toler å høre det som vert delt. Samtidig veit vi at menneske har ulike behov, og difor tilpassar vi tilbodet vårt til kvar enkelt. I samarbeid med andre relevante instansar tilbyr vi heilskapleg støtte, og vi er tilgjengelege for samtalar med pårørande og andre i nettverket der dette er ønskjeleg.

Dersom nokon treng tilrettelegging, som bruk av tolk eller andre spesialtilpassingar, gjer vi vårt ytste for å møte desse behova. Vi legg vekt på tryggleik og konfidensialitet, og alle tilsette har teieplikt.

Gjennom vårt arbeid ønskjer vi å vere ein trygg og støttande stad for dei som har opplevd seksuelle overgrep – ein stad der dei kan finne styrke til å ta livet tilbake og byggje ei betre framtid.

## Hjelp til sjølvhjelp

Det finst ressursar i alle menneske som kan aktiverast, erobrast på nytt og mobiliserast når vi møter utfordringar som gjer livet vanskeleg. Nokre gonger treng ein også rettleing, fellesskap, støtte og reiskap for å mobilisera eigne ressursar til sjølvhjelp.

Alle tilboda våre er basert på prinsippet om hjelp til sjølvhjelp. Når ein tek kontakt med oss har ein allereie tatt dei første stega og starta å handsame utfordringane ein har i livet. Arbeidet med hjelp til sjølvhjelp tek utgangspunkt i kvar og ein sine ressursar og eiga forståing av situasjonen ein er i.

### Digital sjølvhjelp

**- Ei plattform til hjelp for deg**  
Vi har utarbeida ei digital sjølvhjelps plattform. Her har vi samla ulike verktøy som ein kan nytte seg av i kvardagen, og som er meint som ei hjelp i eige sjølvhjelpsarbeid. Den digitale plattforma ligg på heimesida vår; [Hjelp til sjølvhjelp \(noksognogfjordane.no\)](#)

## Einesamtalar

Samtalar mellom brukar og fagleg rettleiar kan haldast på senteret eller utanfor senteret. Alle brukarane startar kontakten med senteret med einesamtale. I den fyrste samtalen fortel vi litt om korleis vi jobbar og kva vi kan hjelpe til med. Ein bestemmer sjølv kor mykje ein vil fortelje. Å kome til samtale er heilt uforpliktande. Dette inneber at ein har moglegheit for vidare oppfylging, men at ein også kan avslutte når ein sjølv vil.

Vår erfaring er at mange ønskjer hjelp til å handtere vanskelege og ofte motsetningsfylte kjensler som nedbrote sjølvtillit og sjølvbilete, skam og skuld, oppleveling av å mislukkast i familielivet, saman med sakn og sorg over kva ein har mista. I bearbeidande samtalar prøver vi å bidra til helingsprosess på fleire måtar:

- Gjere ferske minne om til hendingar i fortid
- Anerkjenne og gyldiggjere minne («det har skjedd»), slik at dei kan bleikne
- Hjelpe til med å få ein samanhengande historie
- Hjelpe den utsette til å forstå at ein er trygg, at overgrepene er over
- Hjelpe med å forstå reaksjonane etter overgrep (normalisere)
- Gje nye perspektiv på seg sjølv, det som har skjedd og framtid

Vi har samtaleverktøyet KOR/FIT tilgjengeleg og kan nytte dette ved behov og ønske.

Bur ein langt unna kan vi avtale å ha samtalar på telefon.

*Vi har gjennom året hatt 981 einesamtalar med utsette og pårørande, noko som er ein auke på 5,5 % frå 2023 (930).*

## Telefonkontakt, e-post og sms

Vi ser ei aukande interesse for samtalar over telefon, noko som delvis skuldast dei geografiske forholda i fylket vårt. For mange kan det vere utfordrande å reise til senteret ofte, og telefonsamtalar gjev eit fleksibelt og tilgjengeleg alternativ.

Pågangen frå samarbeidspartar og hjelpeapparatet i fylket held fram med å auke. Desse førespurnadene handlar oftast om informasjon om senteret og tilboda våre, spørsmål kring seksuelle overgrep, ønskje om undervisning eller foredrag, og behov for råd og støtte i krevjande situasjoner eller saker.

Denne kontakten vitnar om at vi vert sett som ein viktig ressurs i arbeidet med å førebyggje og handtere seksuelle overgrep, og vi legg stor vekt på å møte desse behova på ein kompetent og støttande måte.

I 2024 har vi fått 410 e-postar og SMS-ar frå brukarar, noko som er ein auke på 54,1 % frå 2023 (266). Vi har hatt 497 einesamtalar på telefon, ein auke på 5,5 % samanlikna med 2023 (471).

## Nettverkssamtalar/pårørande-samtalar

Både brukarar, partnarar og pårørande kan få samtalar hos oss. Dersom ein ønsker å ha med andre på samtale, til dømes lege, psykolog, lærar, andre fagpersonar eller pårørande, kan vi avtale ein nettverksamtaale/pårørande-samtale. Dette kan vere bra dersom ein treng at fagpersonar eller andre skal samarbeide med oss, eller at ein berre vil ha med seg nokon for å føle seg tryggare.



Som pårørande til personar utsett for seksuelle overgrep, kan ein ha mange spørsmål, erfaringar og kjensler som ein har behov for å snakke om. Vi har kunnskap og erfaring til å hjelpe, anten ein er forelder, anna familie-medlem, partnar eller ven.

## Samarbeid med hjelpeapparatet

Vi har eit tett samarbeid med hjelpeapparatet i heile fylket der vi deltek og bidreg i samband med fagdagar, kurs og andre samarbeids-forum. Samarbeid rundt den einskilde brukar med ulike offentlege tenester i hjelpeapparatet i fylket har auka mykje for oss dei siste åra. Vi ser berre positivt på denne auka og på samarbeidet med dei andre instansane, som gjev brukarane eit meir heilskapleg tilbod.

## Juridisk rådgjeving

Nok. Sogn og Fjordane har inngått eit samarbeid med advokat Bente Hermansen. Ho gjev tilbod til brukarar ved senteret om juridisk bistand. Tilboden er gratis.



Illustrasjoner: Gregory Idehen

## Forebyggande arbeid

Dette omhandlar undervisning/opplysningsarbeid, samarbeidsmøte, deltaking i ulike fora i det offentlege hjelpeapparatet, førelesing og liknande.

Dette er viktig for å arbeide forebyggende og å auke kompetansen rundt seksuelle overgrep. Vi har nokre faste opplegg som vi tilbyr ut i kommunane.



Undervisningsopplegget Hjartesamling.

## Til dei tilsette i barnehagane

*Hjartesamling* er ein metode utvikla for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskeleg, det er eit førebyggande arbeid mot vald og seksuelle overgrep. Samlingane er lagt opp etter fem tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å sei ifrå.

### Tema i rekjkjefølgje:

1. Beröringar
2. Kjensler
3. Mobbing
4. Kroppen
5. Hemmelegheiter

Vi har utarbeida ein arbeidsperm som alle barnehagane vil få etter at dei har hatt opplæring i *Hjartesamling*. Vi synest sjølv permene har blitt både innholdsrik og ikkje minst veldig flott.

## Førebygging i praksis

Kommunalsjef for oppvekst i Luster kommune, Knut Åge Teigen, understrekar betydninga av

Hjartesamling i arbeidet med å møte krava i Oppvekstreforma:

– Med Oppvekstreforma som bakteppe så vert kommunane oppmoda om å satsa endå meir på førebygging og tidleg innsats. Innføring av «*Hjartesamling*» vil vera med på å styrka det førebyggjande arbeidet i Lustrabarnehagane og Luster kommune.

## Kunnskap som vernar barn

Marte Kvisterø Krogstadmo, prosjektleiar for «*Livsmeistring – Robuste barn og unge*», legg vekt på kor viktig det er å gi barn nødvendig kunnskap:

– Å gje barn kunnskap om kropp og seksualitet er ikkje farleg. Det kan derimot vere farleg å ikkje snakke med barna om det. *Hjartesamling* er ein enkel og god metode som barnehagane kan bruke i samtalar med barna for å gje dei kunnskap om desse viktige tema. Metoden gir barnehagane eit godt system på korleis dei kan jobbe med dette slik at ungane blir i betre stand til å beskytte seg sjølv, seie ifrå og respektere andre sine grenser.

I 2024 har vi undervist 31 barnehagar og til saman 430 barnehagetilsette i *Hjartesamling*.

Hjartesamling er ein metode som styrkar barn sin tryggleik, samtidig som han gir tilsette i barnehagen eit heilskapleg verktøy for førebyggande arbeid – til beste for barna.

## Til alle grunnskuleelevar i primært 5.trinn

Vi har i 12 år gjennomført førebyggande undervisning for 6. trinn i grunnskulen. Dette opplegget har vore godt innarbeidd, men over tid har vi vurdert å introdusere denne undervisninga tidlegare. Bakgrunnen for dette er at dagens sjetteklassingar ikkje er som dei var for 10 år sidan. Vi har opplevd at vi kjem litt for seint ut med informasjon og kunnskap vi meiner er viktig.

Ved skulestart i august 2024 gjorde vi alvor av dette og flytta undervisninga fra 6. til 5. trinn. Overgangen har gjort dette skuleåret spesielt, då vi ikkje har hatt kapasitet til å undervise begge trinna. Likevel viser tala at vi har undervist fleire elevar og klassar enn tidlegare år, sidan vi har inkludert 6. trinn ved små skular der dei kan undervisast saman med 5. trinn.

I tillegg har vi evaluert undervisninga vår, og basert på tilbakemeldingar har vi gjort fleire endringar og justeringar i innhaldet.

Undervisningstida er korta ned frå to timer til 1 ½ time for å tilpasse opplegget betre til skulekvarden. Desse endringane vart sett ut i livet i januar 2024.

## Om undervisningsopplegget

Undervisningsopplegget er helsefremjande og førebyggande, kvalitetssikra og evaluert av Barneombodet og RVTS.

### Tema som vert dekte i undervisninga:

1. Gode og vonde beröringar
2. Gode og vonde følelsar
3. Gode og vonde hemmelegheiter
4. Kroppen vår, private område, grenser, sex og samtykke
5. Kva er seksuelle overgrep?
6. Kva er porno, og kva ein kan oppleve på nett?



- Kva kan ein gjere og kva hjelp finst om ein opplever noko vondt og vanskeleg?
- Trygge vaksne
- Å vere ein besteven

#### Våre mål for undervisninga:

- Bevistgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep, og andre vonde og vanskelege opplevingar i livet.
- Førebyggje og legge til rette for å avdekke seksuelle overgrep og hjelpe utsette til å søkje hjelp.
- Forhindre potensielle overgripalar ved å ta opp konsekvensar av grenseoverskriddande åtferd og bidra til gode haldningar kring pubertet og seksualitet.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn.
- Synleggjere for overgripalar at vi er ute på skulane og snakkar med barna.

Den store auka i elevar som tek kontakt etter undervisninga kan vere eit teikn på at det var

*Vi har undervist 134 klassar i grunnskulen, opp frå 92 i 2023. Gjennom dette har vi nådd ut til om lag 1736 elevar, ein auke på 33,5 % frå 2023 (1300).*

*Etter undervisninga har 142 elevar ønska samtale med oss, samanlikna med 55 året før – ein auke på 158 %.*

riktig å gå frå 6. til 5. trinn. Vi ser at dei yngre elevane verkar mindre «flaue» og meir opne for å snakke om tema som kan vere vanskelige. Mange av dei har eit behov for at nokon set ord på desse emna og opnar for samtale. Dei viser også stor undring og har mange spørsmål, noko som tyder på at det er viktig å gi dei aldersadekvat informasjon i denne fasen av livet.

I tillegg opplever vi at fleire lettare fortel om



vanskelege forhold dei har opplevd, spesielt relatert til nett og sosiale media. Dette inkluderer alt frå ubehagelege opplevingar til konkrete situasjonar som har vore vanskelege. Gjennom undervisninga vår har vi skapt eit rom der barna kjenner seg trygge nok til å opne opp, og vi ser dette som eit viktig steg i arbeidet med førebygging og hjelp.

Gjennom dette arbeidet har vi ikkje berre bidrige til å avdekke og forhindre overgrep, men også gjort mange barn betre rusta til å handtere utfordringar, setje eigne grenser og søkje hjelp når dei treng det.

#### Til russen i fylket og til vidaregåande skuleelevar

